

Innspel til kommuneplanen sin arealdel

I samband med revisjon av kommuneplanen sin arealdel, har eg, med fleire, nokre innspel til endra føremål på Marøy. Pr i dag er alle områda som eg viser til registrert som LNF. Områda dette gjeld er gbnr 423/9, 423/19, 423/70 og 423/83

Skjærgårdsfisk på gbnr 423/70 burde naturleg ha fått status som industriområde/næringsområde med kaifront. Eg er usikker på om det krevst eit eiga formål i sjø framfor industriområdet for å kunne leggje ut flytebrygger, men dette hadde vore praktisk. Det vart godkjent ein dispensasjonssak for nokre få år sidan for å leggja ut flytebryggje. Den saka synleggjer at behovet opp mot bruken er reel.

Landbrukseigedomen min på 423/19 er den einaste av dei 20 store landbrukseigedomane på Marøy som ikkje har naust, dette då der som naustet sto vart bygd industri og skilt ifrå eigedomen.

Som du ser i kartutsnittet under kunne me tenkt oss at baa området på nordvestsida av Skjærgårdsfisk og området på søraustsida av Skjærgårdsfisk vart endra til naustområde på land med småbåthamn i sjø. På nordvestsida er det eit lite område mellom bedrifta og eksisterande naust. Dette er i skråande terreng og dette området vert ikkje nytta som turområde. Endringa vil ikkje påverka intrykket då det er store industribygg på eine sida og naust på andre sida.


Tanken er at bustaden på 423/19 og bustaden på 423/78 kan få naust der. Eigedomsgrensa til Skjærgårdsfisk vert justert, så man kan laga tilkomst til nausta utan å må køyra gjennom industriområdet.

På søraustsida er det allereie eit naust på 423/83 heilt i grensa mot Skjærgårdsfisk. Ved sida av denne er det ein eigedom 423/9 som i si tid vart skilt ut med intensjon om at det kan vera naustområde til det bruket. Så er det eit areal på 423/19 mellom nemnte teig på 423/9 og naust på eigedom 423/14. Det er på dette området eg ynskjer å byggje eit naust til min bustad på fråskilt eigedom 423/89. Naboen på 423/9 ynskjer også å byggje naust, så me snakkar om å byggje eit dobbelnaust med felles kaifront. Eigar av naust på 423/83 kunne tenkt seg at han får endra status frå LNF til naust, så denne førespurnaden om industri og naustområde er i tråd med ynskja til baa Arthur Marøy, Arne-Kjetil Marøy, Thomas Bjaarstad og meg.


Då det allereie er etablert veg ned til 423/70 (Skjærgårdsfisk) krev det lite inngrep i terrenget for å etablere tilkomstveg til dei planlagde naustområda. Eksisterande veg går, som kartutsnitta under viser, mellom dei tiltenkte naustområda og tilkomstvegane er lagt mot industriområde utan at desse vil verta påverka av kvarandre.

Marøy har i all hovudsak industri og naust på nordsida av øya, då sørsida av øya er utsett for hardare ver. Nordsida mot Bøneset er derfor sterkt prega av naust, kaiar og industri, medan sørsida mot Øygarden sjåast som meir urørt. Alle innspela som er presentert er på nordsida av Marøy og vurderast som del av den etablerte bruken og vil ikkje endra intrykket for området.


Under er nokre kartutsnitt der eg har prøvd å synleggjera kva det er me ynskjer.




Kartutsnitt 1



Kartutsnitt 2



Kartutsnitt 3



Kartutsnitt 4

Mvh

Stian Marøy